



Drømmehagen barnehage as
Floghaugane 61
5918 Frekhaug

Svar på søknad - Drømmehagen - Tilretteleggingsmidlar barnehage - lokale prioriteringar

Vi har motteke søknad om tilretteleggingstilskott for Amalie Larsen, som er tilsett ved Drømmehagen barnehage AS i Meland kommune

Søknaden er godkjent for studieåret 2017-18 og Fylkesmannen i Hordaland overfører **kr. 25 000** til Meland kommune. Kommunen vil deretter overføre midlane til Drømmehagen barnehage as. Dersom studenten arbeider i fleire barnehagar må de avtale lokalt korleis midlane skal fordelast.

Bruk av tilretteleggingsmidlar

Tilskottet er gitt for at barnehagen skal leggje til rette for ei god gjennomføring av Amalie Larsen sitt studium : AaBL16 hausten 2017.

Barnehageeigar og studenten må samarbeide om bruken av tilskottet

Midlane skal gå til å dekke faktiske utlegg som den tilsette har hatt og som ho/han kan dokumentere. Dette er utgifter til reise, opphald, semesteravgift, til studiemateriell til det aktuelle studiet, eller andre dokumenterte utgifter. Midlane kan også brukast til vikar slik at den tilsette får permisjon med lønn.

I utgangspunktet skal ikkje midlane utbetalast som stipend, då dette fører til skatteplikt for den tilsette. Dersom dette skal skje må *arbeidsgjevar og den tilsette* vert samde om dette, og den tilsette må orienterast om at det utløyser skatteplikt.

Det blir ikkje gitt ekstra tilskot for arbeidsgjevaravgift.

Andre halvdel blir utbetalt våren 2018

Fylkesmannen utbetaler første halvdel av beløpet hausten 2017. For å få utbetalt midlar våren 2018, må den tilsette studenten framleis delta på studiet og følgje studieprogresjonen.

Barnehageeigar må melde frå til kommunen som barnehagemyndigheit dersom den tilsette sluttar på studiet eller har forseinka studieprogresjon. Då har ein ikkje rett på tilskott.

Kommunen gir beskjeden vidare til Fylkesmannen.

Andre vilkår

Fylkesmannen kan kontrollere at midlane er brukt etter føresetnaden, jf §10 i Bevillingsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos mottakarar for å kontrollere at midlane er brukt etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom eigarar ikkje har gitt rette opplysningar, eller har brukt midlane i strid med føresetnaden, kan Fylkesmannen krevje midlane tilbakebetalt.

Med helsing

Marianne Svege
seniorrådgjevar

Haldis Håpoldøy
seniorekonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Amalie Larsen